



Jan Bakke

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/142 - 15/13430

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
19.11.2015

## Gbnr 14/45 Soltveit - Valdersnes - overvatn avkjørsel - svar

Dykkar e-post av 01.07.15.

Kommunen har ulike rollar som omfattar både eigarrolle og rolle som forvaltningsstyresmakt etter fleire lovverk. I eigarrolla har kommune eit ansvar som langt på veg tilsvarar ansvaret for private personar i same situasjon, medan det er forvaltningslovverka som styrar kommunen sin mynde og ansvar i rolla som forvaltningsstyresmakt.

### Kommunen sin rolle i høve ureining

Kommunen har mynde som ureiningsstyresmakt etter deler av ureiningslova. Kommunen har gjennom den rolla eit ansvar for å følgje opp ureininga, men er ikkje ansvarleg for sjølve ureininga.

Ansvar for ureining påkvarar ureinaren, jf. ureiningslova § 7:

*Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.*

*Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntre. Har forurensningen inntrådt skal han sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller begrense virkningen av den. Den ansvarlige plikter også å treffe tiltak for å avbøte skader og ulemper som følge av forurensningen eller av tiltakene for å motvirke den. Plikten etter dette ledd gjelder tiltak som står i et rimelig forhold til de skader og ulemper som skal unngås.*

*Bestemmelsen i annet ledd gjelder også forurensning som er tillatt etter § 11 dersom det er åpenbart at vedtaket kan omgjøres etter § 18 første ledd nummer 1 eller 2. Tilsvarende gjelder dersom det av samme grunner er åpenbart at det etter § 9 tredje ledd kan gjøres unntak fra forskrift som tillater forurensning.*

*Forurensningsmyndigheten kan pålegge den ansvarlige å treffe tiltak etter annet ledd første til tredje punktum innen en nærmere angitt frist.*

Avrenning frå landbrukseigedomar er lovleg ureining etter ureiningslova § 8, og utslepp frå godkjente kloakkanlegg er lovleg ureining etter ureiningslova § 11. Kommunen sin rolle som ureiningsstyresmakt når det gjeld lovleg ureining er å vurdere om konsekvensen av lovleg ureining er av ein slik art at det er grunnlag for å tilbakekalle ureiningsløyve etter ureiningslova § 18 eller fremje pålegg om tiltak etter ureiningslova § 7.

Kommunen kan ikkje sjå at det er konstatert ureining i området. Kommunen har i denne saka difor ikkje informasjon som tilseier at det er grunnlag for å tilbakekalle ureiningsløyver i området eller fremje pålegg om tiltak knytt til konkrete ureiningskjeldar.

#### Kommunen sin rolle i høve drikkevatt

Kommunen har etter folkehelselova eit generelt ansvar for folkehelsa, herunder ansvar for planlegging av tilgang til drikkevatt. Kommunen har etter drikkevassforskrifta og som eigar av kommunalt vassverk ansvar for kvalitet på drikkevatt i kommunalt leidningsnett. Kommunen har ikkje ansvar for kvalitet på drikkevatt i den einkilde privat brønn.

I den grad kjelda til eventuell ureining i privat brønn er avklart kan kommunen etter ureiningslova § 7 gje pålegg om tiltak, men kommunen har ikkje ansvar for generelt å avdekke eller hindre ureining av privat brønn.

Det er bustadeigar som er ansvarleg for at eiga bustad til ein kvar tid er i samsvar med offentlegrettslege krav. Krav til «forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann» følgjer av plan- og bygningslova § 27-1. Kommunen sin rolle når det gjeld privat brønn er som bygningsstyresmakt etter plan- og bygningslova, med mynde til å påleggje bustadeigar å syte for hygienisk drikkevatt.

#### Kommunen sin rolle i høve vassdrag (bekk)

Mynde til å gje løyve til tiltak i vassdrag etter vassressurslova § 8, er etter vassressurslova § 64, jf. vassforskrifta lagt til NVE. Mynde til å gje pålegg etter vassressurslova §§ 5 og 59 er også lagt til NVE. NVE har vore på synfaring og har avslutta saka etter vassressurslova, jf. brev frå NVE av 06.10.14:

*«Slik saka står no har vi kome fram til at vi ikkje kan pålegge retting av tiltaket. For å kunne pålegge slik etting, må det vere rettsleg grunnlag for det. I dette tilfellet kan vi ikkje klårt sei at aktsemdplikta er broten. Dette av di det ikkje er klårlagt kven som har forlenga bekkelukkinga og såleis kven vi eventuelt skal pålegge retting.»*

Når NVE som vassressursstyresmakt etter vassressurslova §§ 5 og 59 har avslutta saka, har kommunen ikkje mynde til å overprøve dette. Kommunen sin mynde etter vassressurslova er avgrensa til vassressurslova § 7, jf. vassressurslova § 64 og vassforskrifta. Etter vassressurslova § 7 kan kommunen gje pålegg for å betre infiltrasjon i grunnen:

*«Ingen må hindre vannets løp i vassdrag uten hjemmel i denne lov.»*

*Utbygging og annen grunnutnytting bør fortrinnsvis skje slik at nedbøren fortsatt kan få avløp gjennom infiltrasjon i grunnen. Vassdragsmyndigheten kan gi pålegg om tiltak som vil gi bedre infiltrasjon i grunnen, dersom dette kan gjennomføres uten urimelige kostnader.»*

Kommunen som vassressursstyresmakt etter vassressurslova § 7 er av den oppfatning at tiltak som er gjort etter pålegg knytt til veglova også har retta tilhøvet til vassressurslova § 7. Kommunen kan på det noverande tidspunkt difor ikkje sjå at det er grunnlag for å gje pålegg etter vassressurslova § 7.

#### Kommunen sin rolle i høve kommunal veg og overvatn

Når det gjeld den kommunale vegen har kommunen rolle både som vegeigar og som vegstyresmakt.

I rolla som vegeigar er kommunen, på lik linje med private grunneigarar, ansvarleg for handtering av overvatn på eiga eigedom. Offentlegrettslege krav knytt til overvatn følgjer av plan- og bygningslova § 27-2(5). Overvatn kan ikkje løysast isolert på ein eigedom, men må løysast ved at kvar eigedom har system for mottak og avrenning.

Infiltrasjon av overvatn i veggrunnen, i kombinasjon med grøftar, er ein normal løysing for handtering av overvatn i veg. Tilgrensande eigedomar må så ha system for å handtere overvatnet vidare. Dykkar klient er sjølv ansvarleg for å opparbeide eigen avkøyrsla på ein måte som hindrar at vatn frå den kommunale vegen renn inn i avkøyrsla.

Det er grannelova som vil vere styrande for kva løysing som kan krevjast for handtering av overvatn. Kommunen som vegeigar kan ikkje sjå at overvatn som kjem via den kommunale vegen/veggrunnen er løyst på ein uturvande eller urimeleg måte i denne saka, jf. grannelova § 2.

I rolla som vegstyresmakt har kommunen med heimel i veglova §§ 40-43 mynde til å godkjenne og setje krav til avkøyrsla til kommunal veg. Kommunen har som kjent gitt pålegg om utbetring av avkøyrsla til kommunevegen frå Jonny Hjelle sin eigedom, og pålegget er etter vegstyresmakta sin oppfatning følgd opp, jf. kommunen sitt brev til Jonny Hjelle av 26.06.15. Kommunen som vegstyresmakt har på det noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å gje nye pålegg etter veglova knytt til Jonny Hjelle sin avkøyrsla.

Saka er for kommunen som forvaltningsstyresmakt avslutta både etter veglova, ureiningslova og vassressurslova. Kommunen kan heller ikkje sjå at det er grunnlag for å fremje krav mot kommunen som vegeigar.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Jan Bakke